

Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD)
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Vår ref:
23/01062-2

Saksbehandler:
Ivar Stokkereit

Dato:
20. desember 2023

Høyringsvar - forslag til forskrifter om folkeavstemmingar i de områda som tidlegare utgjorde Søgne og Sogndalen kommunar

Barneombudet viser til høyringsbrev av 29. november 2023, om forslag til forskrifter om folkeavstemmingar i de områdene som tidlegare utgjorde Søgne og Sogndalen kommunar.

Barneombudet er i lov gitt i oppdrag å fremje barns interesser i samfunnet. Barneombudet skal vidare følgje med at lovgjeving om barns interesser blir følgt. Ei viktig oppgåve for Barneombudet er å sikre at barn får anledning til å ivareta sin rett til medverking, jf. barnekonvensjonens artikkel 12.

Barneombudet vil kun kommentere på spørsmålet om valgdeltaking for barn, og ikkje på gjennomføring av folkeavstemninga.

Det følgjer av Barnekonvensjonens artikkel 12 at: «Partene skal garantere et barn som er i stand til å gjøre danne seg egne synspunkter, retten til fritt å gi uttrykk for disse synspunkter i alle forhold som vedrører barnet, og tillegge barnets synspunkter behørig vekt i samsvar med dets alder og modenhet.»

Bestemmelsen, som vi også finn i Grunnloven § 104, gir barn rett til medverking. Formålet med bestemmelsen er å sikre at barn gis moglegheit til å fremme si meining i alle saker som angår dei, i tråd med dets alder og modenhet.

Eit viktig grep staten kan ta for å sikre barn medverking i samsvar med deira alder og utvikling er å senke stemmerettsalderen ved kommune- og fylkestingsval til 16 år, slik Barneombudet har tatt til orde for ved ulike høve, og i tråd med forsøksprosjektet ved kommune- og fylkestingsvala i 2011 og 2015. Erfaringane og evalueringane frå prøveprosjektet, blant anna frå Institutt for samfunnsforskning¹ viser at barn i alderen 16-18 år stemte i overraskande høg grad og at dei auka den politiske representasjonen av unge. Barneombudet kan generelt ikkje sjå nokon

¹ [Bergh, J. \(2016, red.\)](#), Hva skjer når 16-åringar får lov til å stemme? Resultater fra evalueringene av to forsøk med nedsatt stemmerettsalder. Oslo: Institutt for samfunnsforskning

prinsipielle grunnar til at barn mellom 16-18 år ikkje skal kunne stemme ved lokale val, verken når desse er rådgjevande eller ved val til kommune- eller fylkesting.

Barneombodet har merka seg at Kommunal- og distriktsdepartementet i høyringsnotatet har foreslått at stemmerettsalder ved folkeavstemminga i dei områda som tidlegare utgjorde Søgne og Sogndalen kommunar skal være 16 år. Dette er allereie ein moglegheit etter departementets rettleiar om lokale rådgjevande folkeavstemmingar, som departementet viser til i høyringsnotatet. Barneombodet er likevel glad for at departementet no foreslår å senke stemmerettsalderen i denne saka.

Barneombodet vil likevel påpeike at det er uheldig om barns deltaking skal avhenge av kva sak myndigheitene finn det føremålsteneleg å la barn medverke i. Dette kan verke noko tilfeldig. Barneombodet vil oppfordre departementet til å ha ein meir prinsipiell inngang til dette, slik at barns medverking står på egne bein.

Barneombodet meiner departementets syn i denne saka gir eit viktig signal om at ungdom også burde kunne delta ved kommuneval. Departementet foreslår å la ungdom delta i ei folkeavstemming som kan ha store konsekvensar for barns oppvekstkår i dei berørte kommunane. Om ungdom kan medverke i denne politisk krevjande saka, så vil det etter vårt syn ikkje være noko hindring for at ungdom også kan delta i framtidige kommuneval.

Vi forutsett derfor at departementets tydelege føring om at ungdom skal høyrast i denne konkrete saka også medfører at departementet framover vil arbeide for å senke stemmerettsalderen ved kommune og fylkesval. Med det vil departementet også bidra til å realisere barns rett til medverknad i tråd med pliktane som følger av Barnekonvensjonen og Grunnlova.

Med venleg helsing

Inga Bejer Engh
barneombod

Ivar Stokkerei
fagsjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.